

Sak 6: Årsmelding

Årsmelding frå styret i Volda Golfklubb for perioden 1.1 til 31.12.2011.

Styret

- Leiar Harald Indresøvd
- Nestleiar Svein Aasen
- Kasserar Peder Barstad
- Sekretær Tore Knivsflå Bjørkedal
- Styremedlem Rune Hitland
- Styremedlem Rune Humberset

- Varamedlem Torgeir Schelderup

Nemnder/ansvarlege

- Banesjef Kjetil Myklebust
- Husnemnd: Are Myklebust og Bernt Humberset
- Turneringsnemnd: Svein Aasen (leiar), Arve Nupen, Webjørn Bergmann, Rolf Heltne, Jostein Digernes.

- Klubbkontakt Seniorgolf: Sjur Hamar
- Driving Range Rune Strømmen og Kai Are Strande
- Webansvarleg Olav Trandal

Generelt

2011 har vore eit bra år for Volda Golfklubb. Nokre hovodtrekk frå golfåret 2011:

- Medlemstalet har vore aukande både for fullt betalende lokale medlemar og totalt
- Det har vore god auke i medlemsrelaterte inntekter som turneringsinntekter (+ 72%) og polettinntekter (+34%). Greenfeeinntektene har også auka godt (+51%)
- Bana har vore i god stand med m.a. dei beste greenane vi har hatt på fleire år
- Det er opna ny og flott green på hol 8
- Det er installert vatningsanlegg på 6 greenar og det meste er gjort klart for å ferdigstille automatisk vatning på alle greenane i løpet av 2012
- Klubbhuset er så å seie ferdig og klubben har dermed fått nytt og tenleg klubbhus.
- Økonomien er tilfredsstillande og rekneskapen syner overskot på vel 85 000 og det er 4. året på rad med positive rekneskapstal.
- Det mest negative i rekneskapen er at sponsorinntektene har gått markant ned
- Store investeringar, særleg i vatninganlegg, har gitt stram likviditet

Status medlemmar pr 31.12.2011.

År	2009	2010	2011
Fullt bet. medlemmar	79	86	91
Prøvedlemmar	13	14	20
Prøvedl. sponsor		26	20
Student	2	3	9
Fjernmedl.	97	110	105
Totalt	191	248	253

Klubbens økonomi er først og fremst avhengig av talet på fullt betalende medlemmar. Det er desse som betaler høgste kontingenten, står for turneringsinntektene og mesteparten av polletinntektene, stiller på dugnad m.m. Styret er difor tilfreds med at talet på fullt betalende har auke for andre året på rad.

Det negative er at vi ikkje har klart å få i gang knøttegolfen igjen og at medlemsmassa framleis prega av for få unge og for få kvinner.

Den store utfordringa no er å halde fram med å auke medlemstalet og i første omgang å få så mange som mulig av prøvedlemmane inn som fullt betalende medlemmar.

Golfbana og maskinparken

Bana har vore i god stand i 2011. Godt med nedbør har gjort at greenane har vore betre enn på fleire år.

Klubben har også i 2011 hatt 2 personar frå NAV som har stått for det meste av klippinga.

Klubben har i 2011 ikkje hatt innleigd greenkeeper eller anna hjelp.

Det har vore fleire dugnader, ikkje minst i samband med vatningsanlegget. Frammøtet har vore bra, og fleire medlemmar enn nokon gong har vore på dugnad. Om lag 40 medlemmar har vore på ein eller fleire dugnader.

Maskinparken eldest, men har fungert tilfredsstillande takka vere stor innsats og god kompetanse hos nokre nøkkelpersonar. Det er ikkje kjøpt nye maskinar i 2011. Røffklipparen er p.t. inne på Ørsta Vidaregåande Skule til full overhaling og styret håper det betyr at den kan vare nokre år til. Klubben har også i 2011 klart å drive golfbana med svært låge kostnader og styret vil uttrykke stor takk til alle som har stilt opp.

Kjetil Myklebust har vore banesjef siste året og har gjort ein god innsats. Styret vil uttrykke stor takksemd til han når han no overlet ansvaret til ny banesjef.

Klubbhuset

Klubbhuset fekk store frostskafer vinteren 2010. Heldigvis var forsikringa i orden og klubben fekk erstatning på kr 192 000 og høve til å bygge opp igjen huset på dugnad. Dette arbeidet er så godt som fullført i løpet av 2011.

Turneringar

Turneringsnemnd 2011 har vore: Svein Aasen (leiar), Arve Nupen, Jostein Digernes, Rolf Heltne og Webjørn Bergmann.
Nemnda starta sitt arbeid alt i okt. 2010 og sikra seg då Toyota som sponsor på onsdagsturneringane i 2011. Nytt av året var NordVest-touren som var eit samarbeid mellom 8 klubbar på Søre Sunnmøre og Nordfjord/Sunnfjord . 8 turneringar vart plasserte utover sesongen. Utanom onsdagsturneringane har programmet i 2011 vore:

08.05	Felleskjøpet Vårspretten
22.05	Tess Open 2010
12.06	Nordea pairs
26.06	Matchplay cup 2010
27/28.08	Klubbmeisterskap
18.09	10 års Jubileumsturnering
15.10	Avslutningsturnering

Deltakinga på turneringane i 2011 har vore god.. Turneringinntekter har auka over 50% .
Deltakinga på NordVest touren har i snitt vore 5-6 mann.
Toyota Open haddeogså i år 5 teljande runder og det vart ein sær s jamn match der avgjerda fyrst kom i siste turneringa.
Vinnar vart Webjørn Bergmann med Tony Leknes på andre plass med same poengsum. 3. plass gjekk til Svein Aasen
I Matchplaycupen tok Harald Indresøvdde sigeren med Terje Kalvatn på andre plass.
I Nordea Pairs vann Tony Leknes/Johan Liadal. T. Leknes/W. Bergmann spela områdekvalifiseringa men nådde ikkje opp til sluttspellet.
Årets klubbmeister vart Ole Magnus Orlien..
Seniorane var også i år med i lagserien der Ålesund sigra i gruppa vår.
Vi har i 2011 hatt ei pensjonistgruppe i sving på onsdagane med start kl 1100. Deltakinga har vore mellom 4 og 10 spelarar.

Økonomi

Volda Golfklubb har rekneskapsmessig hatt eit godt år med eit overskot på kr 87 222 mot kr 133 667 i 2010. Resultatet er betre enn budsjettert. Klubben har siste 4 åra hatt samla overskot på ca kr 425 000 og har dermed redusert det udekka tapet frå kr 501 000 i 2007 til ca kr 78 000. Nokre kjøp av nye andelar i tillegg til overskotet gjer at netto eigenkapital no er på kr 622 971, ein auke på ca kr 98 000. Klubbens soliditet er no tilfredsstillande.
Det positive resultatet kan forklarast med god auke i nokre inntektspostar (auke på ca kr 50 000 frå turneringar, pollettar og greenfee) i tillegg til forsikringserstatning for skade på bana kr 27 500.
Det negative er nedgangen i sponsorinntektene på ca 58 000 til 141 000. Bakgrunnen er først og fremst at marknaden for sponing har blitt mykje tyngre. Sponsorinntektene er svært viktige for klubben og heilt avgjerande for dei investeringane klubben har gjort og planlegg å gjere og styret vil arbeide hardt for at vi skal klare å løfte desse noko igjen.
Kostnadene har auke med ca kr 68 000 trass i at fleire av kostnadspostane har gått ned. Auken skriv seg hovudsakleg frå auke i avskrivningane (+ 42 000) pga oppjusterte satsar og nye investeringar samt auke i vedlikehald av maskiner og drivstoff (+ 47 000)
Det er positivt at klubbens langsiktige bankgjeld løpet av 2010 har minka med ca kr 98 000.

Vegen Vidare

Det har skjedd mykje positivt i Volda Golfklubb siste åra. Det er særleg positivt at ein vanskeleg økonomi no er snudd til ein tilfredsstillande situasjon.

Den store utfordringa er å halde fram med den auken i talet på medlemar vi har sett siste par åra og alle klubbens tiltak må vere retta inn mot dette målet. Styret vil i 2012 halde fram med rekrutteringsarbeidet og legge stor vekt på å få flest mogleg av prøvemedlemene inn som fullt betalande medlemar.

Det er vidare ei prioritert oppgåve å halde fram med å utbetre bana der ferdigstilling av det automatiske vatningsanlegget er det viktigaste.

Mange av medlemene har lagt ned ein stor dugnadsinnsats og styret er merksam på den slitasje dette medfører og arbeider difor med å tilsetje lønna banemeister. Styret legg også opp til lavare anleggsaktivitet i 2012.

Takk

Styret vil takke alle medlemene for oppslutning om klubben og spesielt takk alle som stiller opp i det daglege og på dugnader slik at klubben kan halde hjula i gang og også presentere ei god golfbane for Volda- og Ørstaområdet.

Volda, 15. januar 2012

Harald Indresøvdde, leiar

Svein Aasen, nestleiar

Peder Barstad, kasserar

Tore Kniven Bjørkedal, sekretær

Rune Hitland, styremedl.

Rune Humberstet, styremedl

Sak 7 Rekneskap

RESULTATREKNESKAP for 2011		
Volda Golfklubb		
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
	2011	2010
Kursinntekter	12 000	4 500
Kontingentar	340 850	349 450
Sponsorinntekter	141 500	199 750
Andre inntekter	245 662	170 956
Sum driftsinntekter	740 012	724 656
Varekostnad	13 163	10 480
Lønskostnad	2 640	21 807
Avskrivning driftsmiddel	95 543	53 800
Leigekostnader	177 182	166 129
Andre driftskostnader	318 487	286 862
Sum driftskostnader	607 015	539 078
Driftsresultat	132 997	185 578
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	232	473
Rentekostnader og andre finanskostnader	46 007	52 384
Netto finansposter	-45 775	-51 911
Årsresultat	87 222	133 667

BALANSE per 31. desember 2011
Volda Golfklubb

EIGEDLAR	2011	2010
Varige driftsmiddel		
Golfbane, drivingrange, park,plass, vatningsanl.	1 421 000	1 268 657
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	372 300	432 225
Sum varige driftsmiddel	1 793 300	1 700 882
Omløpsmiddel		
Kunde fordringar	5 000	6 250
Forskotsbetalte kostnader - grunn	9 485	17 885
Forskot til leverandørar/periodisert inntekt	3 887	10 864
Bankinnskot	42	168 772
Sum omløpsmidler	18 414	203 771
SUM EIGEDLAR	1 811 714	1 904 653
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
Andelskapital	701 335	690 335
Udekka tap	-78 364	-165 586
Sum eigenkapital	622 971	524 749
Gjeld		
Tilbakestillingsforpliktning golfbane	150 000	150 000
Langsiktig gjeld bank	985 197	1 083 784
Sum langsiktig gjeld	1 135 197	1 233 784
Kortsiktig gjeld		
Kassakreditt	36 454	0
Leverandørgjeld	13 819	8 723
Skattetrekk, andre trekk og offentlege avgifter	46	6 572
Påkomne renter	1 200	2 700
Anna kortsiktig gjeld	2 027	128 125
Sum kortsiktig gjeld	53 546	146 120
Sum gjeld	1 188 743	1 379 904
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 811 714	1 904 653

Sak 8: kontingent/prisar 2011

Medlemsskap

Prisar medlemsskap pr 21.01.2011:		
	2011	Ny pris 2012
Senior dame/herre	2 800	3 000
Ektefelle/samboar til fullt betalende medlem	2 400	2 500
Pensjonistar, frå 67 år. Desse treng heller ikkje andel	2 400	2 600
Ektefelle/samboar (begge +67 år)	2 000	2 200
Junior (17-19 år - fritt spel)	1 500	1 500
Barn (6-12 år) , fritt spel	500	500
Barn 13-16 år , fritt spel	600	600
Fjernmedlem (uansett kategori)	650	650
Prøvedlem 1.år med fritt spel Tidlegare medlemar som ikkje har vore betalende siste 5 åra kan også vere prøvedlem 1 år etter ny innmelding.	1500	1 500
Studentmedlem 1.år med fritt spel (minimumskrav = veien til golf)	1 500	1 500
Veien til Golf (GK-kurs) inkl prøvedlemskap 1 år	1 500	1 500
Bladet "Norsk Golf", 8 utgåver pr. år er inkludert i prisane nemnt ovanfor'		
Andel/spelerett fritt spel	2 500	2 500
Som seniormedlem må ein ha ein andel for å kunne spele fritt (unntak +67) I eit parforhold er det krav til ein andel for å oppnå fri spelerett . Alternativ til kontant kjøp av spelerett: Innbetaling av spelerett over 2 år: 1 år kr 1.500, 2 år kr 1.000 .		
Utmelding av klubben må skje før 31.12 i foregåande år. Avgift på kr 300 ved seinare utmelding. Lokale medlemar får utlevert kvittering for betalt kontingent. Orientering kjem på heimesida vår. Orientering om bet. av kontingent kjem pr. E-meil/heimesida vår. Ved manglande betaling vert golfkortet sperra.		
KONTONUMMER VOLDA GOLFKLUBB: 3991.40.37844		

Sak 9: Budsjett 2012.

Styret budsjetterer med lavare overskot i 2011. Styrets vurdering er at det er svært vanskeleg på sikt å drive klubben med så mykje dugnadsinnsats og arbeider difor no med å engasjere banemeister i deltidstilling med noko lønn. Dette vil auke kostnadene og styret foreslår å auke dei fleste kontingentsatsane til det nivået klubben hadde i 2010.

Styret budsjetterer med ein del auke i kontingentinntektene og med om lag uendra sponsoringter. Budsjettet gir rom for nokre, men ikkje store, investeringar.

Volda Golfklubb budsjett 2012

	2011	2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring
DRIFTSINNEKTER					
3000 Salg, avgiftspliktig høy sats	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3020 Matsal	1 509,65	0,00	0,00	0,00	0,00
3900 Gebyr utmelding	1 200,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3901 Purregebyr	1 770,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3910 Kursinntekter grønt kort	12 000,00	4 500,00	5 000,00	10 000,00	5 000,00
3920 Kontingent senior	203 000,00	236 500,00	220 000,00	239 000,00	19 000,00
3921 Kontingent junior 13-16 år	2 400,00	1 500,00	1 500,00	2 400,00	900,00
3922 Kontingent fjernmedlem	68 750,00	67 600,00	68 000,00	68 250,00	250,00
3923 Kontingent ektefelle/sambu, senior	21 600,00	22 650,00	25 000,00	22 500,00	-2 500,00
3924 Kontingent prøvemedlemskap	10 500,00	12 000,00	15 000,00	10 500,00	-4 500,00
3925 Kontingent student	10 500,00	4 500,00	5 000,00	10 500,00	5 500,00
3926 Kontingent knøtt inntil 12 år	2 500,00	4 700,00	4 000,00	2 500,00	-1 500,00
3927 Kontingent pensjonistar, fom 67	21 600,00	0,00	0,00	23 400,00	23 400,00
3941 Sponsorinntekter	141 500,00	199 750,00	210 000,00	150 000,00	-60 000,00
3949 Utleige driftsmiddel	4 500,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00	0,00
3960 Polettar driving range	63 825,00	47 500,00	50 000,00	60 000,00	10 000,00
3970 Green fee	30 603,00	20 016,00	25 000,00	25 000,00	0,00
3980 Turneringsinntekter	56 276,00	32 501,00	33 000,00	55 000,00	22 000,00
3990 Erstatning	27 500,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3991 Prosjektmidlar	0,00	35 000,00	10 000,00	10 000,00	0,00
3995 MVA-kompensasjon	19 018,00	12 010,00	15 000,00	20 000,00	5 000,00
3996 LAM-midlar	6 632,00	5 408,00	5 000,00	6 000,00	1 000,00
3997 Grasrotandel	14 877,10	11 408,53	12 000,00	12 000,00	0,00
3998 Gåver	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3999 Diverse inntekter	0,00	4 112,50	0,00	0,00	0,00
SUM DRIFTSINNEKTER	722 060,75	724 656,03	706 500,00	730 050,00	23 550,00
VAREKOSTNADER					
4001 Deltaking turneringar	2 440,00	2 400,00	0,00	0,00	0,00
4002 Innkjøp til turneringar	2 439,50	0,00	0,00	0,00	0,00
4020 Varekjøp klubbhus	1 415,07	0,00	0,00	0,00	0,00
4253 Kostnader sponsorskilt	4 260,80	0,00	0,00	0,00	0,00
4254 Anna materiell	2 608,00	8 080,00	8 000,00	8 000,00	0,00
DEKNINGSBIDRAG	708 897,38	714 176,03	698 500,00	722 050,00	23 550,00
DRIFTSKOSTNADER					
5010 Løn	0,00	19 875,00	50 000,00	50 000,00	0,00
5090 Feriepenger	0,00	-2 055,53	5 100,00	6 000,00	900,00
5400 Arbeidsgiveravgift	0,00	0,00	5 100,00	7 050,00	1 950,00
5401 Arbeidsgivaravgift av feriepengar	0,00	-290,41	2 000,00	846,00	-1 154,00
5830 Refusjon arbeidsmarkedstiltak	-17 951,00	0,00	0,00	-15 000,00	-15 000,00
5920 Yrkeskadeforsikring	2 640,00	2 078,00	2 000,00	3 000,00	1 000,00
5950 Kurskostnader	0,00	2 200,00	2 000,00	0,00	-2 000,00
Sum personalkostnader	-15 311,00	21 807,06	66 200,00	51 896,00	-14 304,00
6010 Avskrivning maskiner/utstyr	95 542,97	53 800,00	64 000,00	80 600,00	16 600,00
6100 Frakt, transport, forsikring v/varefors	400,00	2 422,50	2 500,00	1 000,00	-1 500,00
6300 Leige løpde	6 000,00	6 300,00	6 500,00	6 500,00	0,00
6310 Grunnleige golfbane (MV)	86 400,00	76 905,00	80 000,00	86 400,00	6 400,00

Volda Golfklubb budsjett 2012

	2011	2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring
6311 Grunnleige drivingrange	42 782,00	42 424,00	43 000,00	36 400,00	-6 600,00
6312 Grunnleige golfbane (JV)	42 000,00	40 500,00	41 000,00	42 000,00	1 000,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	4 049,30	3 982,89	4 000,00	5 000,00	1 000,00
6340 El.kraft/kommunale avgifter	12 515,61	7 158,88	8 000,00	10 000,00	2 000,00
6440 Leige klippemaskin	19 868,00	37 220,05	35 000,00	0,00	-35 000,00
6490 Leige postboks	0,00	855,00	900,00	1 000,00	100,00
6510 Kostnadsført håndverktøy	1 980,01	0,00	0,00	0,00	0,00
6520 Kostnadsførte hjelpeverktøy			1 000,00	1 000,00	0,00
6540 Kostnadsført inventar	799,00	0,00	0,00	0,00	0,00
6610 Vedlikehald klippeutstyr mm	49 079,13	11 138,04	25 000,00	40 000,00	15 000,00
6611 Vedlikehald driving range	0,00	11 400,00	15 000,00	8 000,00	-7 000,00
6612 Vedlikehald golfbane	71 412,00	82 330,34	80 000,00	80 000,00	0,00
6613 Vedlikehald klubbhus	18 382,14	442,23	0,00	20 000,00	20 000,00
6800 Kontorrekvisita	0,00	2 187,85	3 000,00	2 000,00	-1 000,00
6820 Trykksaker	178,60	0,00	1 000,00	1 000,00	0,00
6830 NGF-blad	32 042,50	29 767,50	30 000,00	35 000,00	5 000,00
6860 Møter, kurs, oppdatering o.l	2 980,00	0,00	0,00	3 000,00	3 000,00
6880 Kostnader arrangement	1 225,00	0,00	3 000,00	3 000,00	0,00
6940 Porto	0,00	6 205,75	6 000,00	1 000,00	-5 000,00
7001 Drivstoff maskiner/utstyr	20 021,45	11 397,21	15 000,00	20 000,00	5 000,00
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pliklig	3 708,00	0,00	0,00	20 000,00	20 000,00
7320 Reklameannonser	6 137,00	0,00	0,00	8 000,00	8 000,00
7330 Reklame/annonser	0,00	18 741,63	15 000,00	0,00	-15 000,00
7331 Webside www.voldagolf.no	2 897,55	4 073,14	5 000,00	4 000,00	-1 000,00
7410 Kontingent/avgift NGF	48 692,50	40 159,50	40 000,00	50 000,00	10 000,00
7500 Forsikringer	14 539,00	14 251,00	15 000,00	15 000,00	0,00
7770 Betalingsgebyr	1 926,25	2 284,00	2 500,00	2 500,00	0,00
7790 Annen kostnad m/fradrag	5 653,29	844,00	1 000,00	10 000,00	9 000,00
Sum andre driftskostnader	591 211,30	506 790,51	542 400,00	592 400,00	50 000,00
SUM DRIFTSKOSTNADER	575 900,30	528 597,57	608 600,00	644 296,00	35 696,00
DRIFTSRESULTAT	132 997,08	185 578,46	89 900,00	77 754,00	-12 146,00
FINANSINNTEKTER OG -KOSTNADER					
8050 Renteinntekter	232,00	473,00	300,00	300,00	0,00
Sum finansinntekter	232,00	473,00	300,00	300,00	0,00
8150 Rentekostnader	45 185,76	52 383,64	50 000,00	50 000,00	0,00
8154 Renter/provisjon kassekreditt	821,00	0,00	0,00	2 000,00	2 000,00
Sum finanskostnader	46 006,76	52 383,64	50 000,00	52 000,00	2 000,00
SUM NETTO FINANSPOSTER	45 774,76	51 910,64	49 700,00	51 700,00	2 000,00
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT	87 222,32	133 667,82	40 200,00	26 054,00	-14 146,00

Sak 10: Val

Styret for 2011 har vore

- | | |
|-------------------------|---------------------------|
| ▪ Leiar og dagleg leiar | Harald Indresøvde, på val |
| ▪ Nestleiar | Svein Aasen, på val |
| ▪ Kasserar | Peder Barstad |
| ▪ Sekretær | Tore Knivsflå Bjørkedal |
| ▪ Styremedlem | Rune Hitland |
| ▪ Styremedlem | Rune Humberst, på val |
| ▪ Varamedlem | Torgeir Schjelderup |

Valkomite har bestått av Per Kristian Langlo og Jostein Digernes. Komiteen foreslår følgjande val for 2012:

Leiar: : Harald Indresøvde, attval, 2 år

Nestleiar: Svein Aasen, attval, 2 år

Styremedlem: Rune Humberst, attval, 2 år

Varamedlem: Torgeir Schjelderup, attval, 1 år

Revisor: Harald Dahl, attval, 1 år